



DEN NORSKE KYRKJA

Lindås kyrkjelege fellesråd

Saksnummer 2014/7379

Lindås kommune

Planavdelinga

Knarvik, 20. desember 2018

Høyringssvar til kunngjering av 1. gangs offentleg ettersyn av reguleringsplan for FV 57 med gang- og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad . plan ID 1263-201407

Lindås kyrkjelege fellesråd vil med dette gjerne sende høyringsuttale til nemnde ettersyn.

Slik Lindås kyrkjelege fellesråd (Lkf) les høyringsbrevet er hovudføremålet med reguleringsplanen å fastsette plassering og utforming av gang- og sykkelveg fra Lindås tettstad og Mongstad. For Lkf sin del er det passeringa gjennom Lindås tettstad som er av spesiell interesse.

Lkf har gjennom 2018 førebudd utviding av nedre gravplass i Lindås tettstad. Jfr reguleringsplan 1263-201407 er g/bnr 108/161 sett av til dette føremålet. Kyrkjeleg fellesråd planlegg forlenging av dagens gravfelt ved Fonnebusstvegen på g/bnr 108/586 innover 108/161 i nord-vestleg retning.

Jfr Gravferdslova §3 har kyrkjeleg fellesråd ansvar for forvaltning av gravplassane i ein kommune, og også tiltaksansvar når det er trøng for nytt areal til gravplass i Lindås kommune. Kapasiteten på ledige graver i Lindås-bygda er slik no at utbygging av dette prosjektet er naudsynt.


Lindås kyrkjelege fellesråd har søkt om finansieringstilskot frå Lindås kommune for utbygging av nedre gravplass på Lindås i 2019 og 2020. Lkf sine planer for denne utbygginga er tilpassa dei signal som er kome, m.a. frå SVV når det gjeld kva for areal dei treng for å gjennomføre sine planer i området slik denne høyringa omfattar. Dette fører med seg at Lkf ikkje kan

Side 1

nytte det avsette området heilt ut og fullføre gravplassen, før SVV har gjort seg ferdig med vegløysinga i Lindås tettstad.

1. På bakgrunn av desse momenta er det av svært viktig for Lkf at SVV held seg til meldte planar i dette området, ettersom Lkf i den utbygginga som skal skje frå 2019/20 vil legge seg tett opp mot dei grensene som SVV har signalisert for sine behov i samband med rigg og depot i Lindås-bygda.
2. Lindås kyrkjelege fellesråd vil også streke under den uro som m.a. soknerådet i Lindås har signalisert når det gjeld planane for rigg og depot i Lindås tettstad. Ein vil derfor oppmøde SVV til å ta alle mogelege estetiske omsyn i samband med den varsle utbygginga av den vegløysinga som denne høyringa gjeld, også i anleggsfasen.
3. Lindås kyrkjelege fellesråd vil igjen minne om den løysinga for prosesjonsveg (Alt. 1) som vart fremja i kyrkjeverja sitt møte med planavdelinga den 12. des. 2017. Lkf ber derfor om å kunne kome attende til dette i eit seinare møte, ettersom ein meiner at SVV sitt svar til denne løysinga ikkje er konsistent, og at Alt. 1 har føremon som gjer at den bør vurderast.

For Lindås kyrkjelege fellesråd,



Torgeir Paulsen
Kyrkjeverje i Lindås